

Årets ord 2022 – endelig kortliste med omtaler av orda

Krympflasjon er årets ord 2022.

Ti-på-topp-lista 2022:

krympflasjon
valgfornekter/valfornektar
strømsmart/straumsmart
knokehilsen/knokehelsing
Kyiv
grunnrenteskatt
prepper/preppar
flus
hybridkabel
kamikazedrone

Omtaler:

krympflasjon: Ordet brukes for å betegne det at innholdet i eller størrelsen på en vare blir mindre, mens prisen er uendret eller øker. Virkningen av *krympflasjon* kan bli at prisstigningen framstår som mindre enn den faktisk er. Ordet er et teleskopord, det vil si at det er satt sammen av deler av andre ord. Her er grunnlaget *krympe* og *inflasjon*. Ordet er altså dannet av etablerte norske ord. Det engelske *shrinkflation* er laget etter samme mønster. Fenomenet er gammelt, men ordet er nytt. Det sammenfatter på en slående måte 2022 for mange som opplever vanskelige tider på grunn av prisutviklingen vi har hatt i år. *Krympflasjon* er dermed årets ord 2022.

krympflasjon: Ordet blir brukt som nemning for det at innholdet i eller storleiken på ei vare blir mindre, medan prisen står stille eller aukar. Verknaden av *krympflasjon* kan bli at prisauken framstår som mindre enn han faktisk er. Ordet er eit teleskopord, det vil seie at det er sett saman av delar av andre ord. Her er grunnlaget *krympe* og *inflasjon*. Ordet er altså danna av etablerte norske ord. Det engelske *shrinkflation* er laga etter same mønsteret. Fenomenet er gamalt, men ordet er nytt. Det samanfattar på slåande vis 2022 for mange som opplever vanskelege tider på grunn av prisutviklinga vi har hatt i år. *Krympflasjon* er dermed årets ord 2022.

valgfornekter: Valgfornekteren fikk et ansikt da Donald Trump nektet å godta nederlaget ved presidentvalget i USA i 2020 fordi han mente det var jukset med resultatene. Han fikk mange med seg. Ordet *valgfornekter* fikk vi i år i forbindelse med mellomvalget til Kongressen i USA.

Flere av kandidatene var valgfornektare som skapte tvil om de ville akseptere valgresultatet eller ikke dersom de tapte. Fenomenet har også dukket opp i andre store og innflytelsesrike land i den siste tida. Det er fare for at ordet og fenomenet kan følge oss i årene som kommer.

valfornektar: Valfornektaren fekk eit ansikt da Donald Trump nekta å godta nederlaget ved presidentvalet i USA i 2020 fordi han meinte det var juksa med resultatata. Han fekk mange med seg. Ordet *valfornektar* fekk vi i år i samband med mellomvalet til Kongressen i USA. Fleire av kandidatane var valfornektarar som skapte tvil om dei ville akseptere valresultatet eller ikkje dersom dei tapte. Fenomenet har også dukka opp i andre store og innflytelsesrike land i den siste tida. Det er fare for at ordet og fenomenet kan følgje oss i åra som kjem.

strømsmart: Høye strømpriser og lite vann i magasinene kan gjøre det nødvendig å spare på strømmen. Adjektivet *strømsmart* kan brukes om mennesker som har funnet lure måter å kutte strømforbruket på, men også om løsningene som gjør dette mulig. Bokstavrimet gjør at ordet er iøynefallende og lett å uttale. Ordet er ikke helt nytt, men har hatt en markert økning i bruken i år.

straumsmart: Høge straumprisar og lite vatn i magasinerna kan gjere det nødvendig å spare på straumen. Adjektivet *straumsmart* kan brukast om menneske som har funne lure måtar å kutte straumforbruket på, men også om løysingane som gjer dette mogleg. Bokstavrimet gjer at ordet er iaugefallande og lett å uttale. Ordet er ikkje heilt nytt, men har hatt ein markert auke i bruken i år.

knokehilsen: En *knokehilsen* skjer ved at man knytter neven og slår den lett mot neven til den man hilser på. Hilsenen ble allment kjent under koronaen. Den regnes som en uhøytidelig form for hilsing. USAs president, Joe Biden, vakte derfor oppsikt da han tidligere i år møtte den saudiarabiske kronprinsen med en *knokehilsen*. Opphavet er det engelske *fist bump*. Det norske avløserordet er ikke helt nytt, men bruken har økt merkbart i år.

knokehelsing: Ei *knokehelsing* skjer ved at ein knyter neven og slår han lett mot neven til den ein helsar på. Helsinga vart allment kjend under koronaen. Ho er rekna for å vere ei uhøgtideleg form for helsing. Presidenten i USA, Joe Biden, vekte derfor oppsikt da han tidlegare i år møtte den saudiarabiske kronprinsen med ei *knokehelsing*. Opphavet er det engelske *fist bump*. Det norske avløysarordet er ikkje heilt nytt, men bruken har auka merkbart i år.

Kyiv: Den norske skrivemåten for navnet på hovedstaden i Ukraina har tradisjonelt vært *Kiev*, som ligger nær den russiske uttalen av bynavnet. Skrivemåten *Kyiv* ligger nærmere den ukrainske uttalen og har vært tillatt brukt ved siden av den tradisjonelle siden 1995, men den tradisjonelle formen var likevel lenge klart vanligst. I samråd med UD anbefaler Språkrådet nå *Kyiv*, og det er denne skrivemåten som i år har dominert i norske medier. Det russiske angrepet på Ukraina har vært med på å drive fram denne utviklingen.

Kyiv: Den norske skrivemåten for namnet på hovudstaden i Ukraina har tradisjonelt vore *Kiev*, som ligg nær den russiske uttalen av bynamnet. Skrivemåten *Kyiv* ligg nærmare den ukrainske uttalen og har vore lov å bruke ved sida av den tradisjonelle sidan 1995, men den tradisjonelle forma var likevel lenge klart vanlegast. I samråd med UD tilrår Språkrådet no *Kyiv*, og det er denne forma som i år har dominert i norske medium. Det russiske åttaket på Ukraina har vore med på å drive fram denne utviklinga.

grunnrenteskatt: *Grunnrenteskatt* er et eksempel på fagord som på et tidspunkt blir så mye brukt at de kan gli over i allmennspråket. Elementet *-rente* betyr her 'avkastning', og *grunnrente* betyr avkastning på bruk av naturressurser. *Grunnrenteskatt* er en særskatt som er innført på visse næringer som bruker av naturressurser som tilhører fellesskapet. Næringene må skatte av inntektene. Det at skatten er innført for lakseoppdrettsnæringen i år, har gjort ordet svært synlig i mediene.

grunnrenteskatt: *Grunnrenteskatt* er eit døme på fagord som på eit tidspunkt blir så mykje brukte at dei kan gli over i allmennspråket. Elementet *-rente* betyr her 'avkastning', og *grunnrente* betyr avkastning på bruk av naturressursar. *Grunnrenteskatt* er ein særskatt som er innført på visse næringar som bruker av naturressursar som tilhøyre fellesskapen. Næringane må skatte av inntektene. Det at skatten er innført for lakseoppdrettsnæringa i år, har gjort ordet svært synleg i media.

prepper: En *prepper* er en som *prepper seg*, *sørger* for å være forberedt om noe skulle skje. Ordet har tidligere vært mest brukt om folk som venter på dommedag eller sivilisasjonssammenbrudd, og som gjerne har liten tillit til myndighetenes evne til å håndtere kriser. I år har bruken av ordet økt kraftig som følge av krigen i Ukraina og ringvirkningene av den. Det brukes like gjerne om folk som gjør som myndighetene har oppfordret til, og bygger opp beredskapslagre for å møte periodisk forsyningsmangel.

preppar: Ein *preppar* er ein som *preppar seg*, *sørgjer* for å vere budd om noko skulle skje. Ordet har tidlegare vore mest brukt om folk som ventar på domedag eller sivilisasjonssamanbrot, og som gjerne har liten tillit til evna styresmaktene har til å handtere kriser. I år har bruken av ordet auka kraftig som følgje av krigen i Ukraina og konsekvensane av han. Det blir like gjerne brukt om folk som gjer som styresmaktene oppmodar til, og byggjer opp beredskapslager for å møte periodisk forsyningsmangel.

flus: *Flus* er et slangord brukt for penger. Det har arabisk opphav og har vært brukt i en del ungdomsmiljøer noen år, men også i litteratur med tilknytning til disse miljøene. I år har det fått aktualitet gjennom tittelen på et TV-program og er dermed gjort kjent i videre kretser enn før. Ordet er til forveksling likt det norske adjektivet *flus* 'gavmild, overdådig', men det er ikke noe språkhistorisk slektskap mellom orda.

flus: *Flus* er eit slangord brukt for pengar. Det har arabisk opphav og har vore brukt i ein del ungdomsmiljø nokre år, men også i litteratur som har tilknytning til desse miljøa. I år har det fått aktualitet gjennom tittelen på eit TV-program og er dermed gjort kjent i vidare kretsar

enn før. Ordet er til forveksling likt det norske adjektivet *flus* 'gjev mild, overdådig', men det er ikkje nokon språkhistorisk slektskap mellom orda.

hybridkabel: En *hybrid* er vanligvis noe som er satt sammen av ulike elementer. En *hybridkabel*, slik ordet først og fremst har vært brukt i år, er enkelt sagt en kabel som overfører kraft begge veier. Her har vi å gjøre med en litt annen betydning av *hybrid*. Det er forsyningssituasjonen og prisutviklingen for strøm som ligger bak at dette opprinnelige fagordet i år har kommet på folkemunne.

hybridkabel: Ein *hybrid* er til vanleg noko som er sett saman av ulike element. Ein *hybridkabel*, slik ordet først og fremst har vore brukt i år, er enkelt sagt ein kabel som overfører kraft begge vegar. Her har vi å gjere med ei litt anna tyding av *hybrid*. Det er forsyningssituasjonen og prisutviklinga for straum som ligg bak at dette opphavlege fagordet i år har kome på folkemunne.

kamikazedrone: Et av ordene med direkte tilknytning til krigføringen i Ukraina er *kamikazedrone*. Dette er en drone som sprenger seg selv når den treffer målet. Bruken av ordet *kamikaze* som førsteledd gir assosiasjoner til uhyggen som ble skapt av at japanske jagerpiloter plutselig kunne styrte flyene sine inn i skip og andre mål under andre verdenskrig. Ordet blir dermed et talende bilde på lidelsene krigen skaper.

kamikazedrone: Eit av orda som er direkte knytte til krigføringa i Ukraina, er *kamikazedrone*. Dette er ein drone som sprengjer seg sjølv når han treffer målet. Bruken av ordet *kamikaze* som førsteledd gjev assosiasjonar til uhyggja som vart skapt av at japanske jagarpilotar med eitt kunne styrte flya sine inn i skip og andre mål under andre verdskrigen. Ordet blir dermed eit talande bilete på lidingane som krigen skaper.